

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr. 7

Herad: Nedstrand

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Tore Sandsgaard

Gard: Sandsgaard

(adresse): Nedstrand

G.nr. 50 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Bonde 75 år

SVAR

- 1 Nei.
- 2 Nei.
- 3 Skava, Skjev, Skov, Skove, Skava.
- 4 Ja. Regulert for.
- 5 Ask, selja, raun, osp, eik og alm. Björk, or og hatl
vart det ikkje skove noko av, Ask selja og raun
Haldne for å vera best.
- 6 Nei.
- 7 Nei eg kjennr ikkje noko av dette rimet. Eg har
berre høyrte desse: Raudn gjev mjölk attåt grauten.
Ask gjer kui rask, eik gjer kui veik.
- 8 Berre kui fekk skav og berre om vinteren.
Skavet vart lagt inn i vondelen saman med høy, utan-
på vart det surra halm som var festa slik at det
vart som eit handtak som ein kunne bera vondelen
etter. Storleiken på vondlarne etter kor mykje ein
ville kui skulle ha. Var det ei ku ein ville vera
god med bruka ein meir av høy og mindre av halm og
skav. Ein vondla for heile dagen og la vondlarne
i rekkje og rad i löa.
- 9 Eg trur ikkje dei rekna med å meir mjölk av kyrne
om dei fekk skav ifall dei fekk nok av anna for.

Ein held for at skav av raun gav beisk mjökl.

Dei drog til skogs eins erend etter skavved eller morkje som sume sa . Var det kornstaur i skavveden vart han skoven og ~~t~~eken vare på.

11 Dei sa at dei var etter skavved eller mokje.^r

12 Morkje eller skavved.

13 Nei.

14 Dei henta morkje heile vinteren. Rekna det ikkje surare enn anna skogsarbeid. Det siste spursmålet har eg ikkje höyrt noko om.

15 Var det brandar og staurar dei skulle skava held dei til i vedhuset. Dei la stauren på to stabbar sette seg på han og skov til seg anten med ein vanleg bandakniv eller skavljå.

16 Ein skavljå var laga av eit gamalt longorvsljåbråt. Det kunne vera sett på eit tøreskaft i den eine enden ,men vanle var det berre röyra ei filla kring til å halda i. Har ikkje höyrt noko om at tyndsleljåar var best.

17 Den vanlege skavveden vart hogd opp i vanleg famnevedlengde. Staur og det som var over 6-8 sm. vart skove heilt. Det störste av veden vart klöyvd, det som var midre enn ein sentimeter vart berre brekf sund. Det vart for det meste på kjökenet ein sag og skovx men og i stova ,det var oftast for kaldt i uthusi. Sume bruka ein avlang krakk med ein pinne som stod opp i den eine ennen av krakken til stöda skavljåen mot ,men det vanlege var at ein tok ein staur og pressa fast milom golvet og ein bjekke i taket. Eg har set at dei stöda skavljåen til senge- stolpen i stova.

Noko sars namn på desse greiderne veit eg ikkje om.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

7

Fylke: **Roxgaland**

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: **Nedstrand**Emne: **Skav.**Bygdelag: **d**Oppskr. av: **Tore Sandsgaard**Gard: **Sansgaard**(adresse): **Nedstrand**G.nr. **50** Br.nr. **1**

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

18 Ordet Skavhæl har eg ikkje høyrte.

19 Var det innestöda (uver så dei ikkje kunne arbeida ute) skov dei elles var det, det vanlege at dei skov om kveldarne når dei var ferdige med kröter-stellet. Det var husbonden og drengen som skov, då sat dei på kvar sida av skavstauren og stydde skavljåene til stauren, held ljåen i högre handi og skavkjeppen med vemstre, fyrst den eine ennen og så den andre, held kjeppen under ljåen.

20 Skavved.

21 Ikkje noko namn på boken anna skav.

22 Sjå nr. 17.

23 Skjevedl ellerskjevedel flt. skjevlar anten veden ^{var} tjukk eller tunn.

24 Var det tjukkare staurar eller brandar ein td. av raun måtte ein ikkje taka for mykje fyre elles vart borken skavet for tjukt og kyrne åt det ikkje så godt.

25 Dei tynnaste skjevlarne vart lagde under omnen til turk og vart nytta til å tenna opp i omnarne morgonen etter. Skjölvs på skogagardar hadde dei ofte rå ved så det var ikkje alltid så greidt å fyra opp.

Dei større skjevlarne vart lagde anten på loftet

4
Eller i vedhuset og vart nytta under bakstehella.

26 Eg veit ikkje om nokon som skjev nå, det var for det meste slutt kring 1910.

- Ein sat ofte til kl. 9 (21) om kveldarne og skov, husmori og tenestgjenterne sat samstundes inne i stovang og karde og spann, dei slutta heller ikkje fyrr.

Når ein hogg skavved vart trei kjylte (kjydla - ~~kjyldle~~ kjydle- kjylte - kjylt) så høgt oppe at kröteri ikkje tak i runningarne, trei vart då kalla kjydle-stuar. Desse kylllestuarne ~~kjyldle-stuar~~ sæleg eikestuarne kunne vera over 100 år.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Nedstrand

Emne:

Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Tore Sandsgaard

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 Har ikkje høyrt noko om dette.
- 2 Ikkje Om dette heller.
- 3 Eg veit ikkje noko om det. Kyrne kalva vanleg ut på vårparten, då var det slutt med skavingi, då vart vanleg og ~~vanleg~~ smågriserne sette på.
- 4 Eg veit ikkje at dei hadde noko mål på kor mykje dei skulle skava. Dei som hadde mange kyr skov så mykje dei vann på om kveldarne. 2 mann skov omlag 50 kg. skav på ^{eg} ein vil tru.
- 5 Har ikkje høyrt noko om dette.
- 6 Stauren vart ikkje nytta til noko anna.
- 7 Det er ikkje kjent her at nokon kjøpte eller leigde skavskog. Gardane som låg så høgt at det ikkje voks skavskog hadde ofte lyngmark, dei nytta då høvet når det var berr mark til å henta heim lyng. Var der jamn mark bruka dei langorven elles var det sigd. Det vart ofte forløyssa på desse gardane, då vart nok gjerne halvparten av foret lyng. Desse gardane bruka og å svega (svega- svega- svega- svega). Dei hogg ned björk , hogde av riset med sigd og bar det heim til kyrne. Det var vanleg og svega om vårane når björki tog til å spretta.
- 8 Nei.

16816

- 6
- 9 Ein kunne taka skav i almenning, men her var det så
lang veg til skavskogen at han var lite nytta.
- 10 Han hadde nok ikkje utan vidare rett til det.
Husmannsplassarne låg vanleg så langt nede at dei
hadde litt skavskog sjölv.
- 11 Ordet skavhella har eg ikkje høyrt.
- 12 Har ikkje høyrt noko om dette.